



# Årsmelding 2017

|  |          |
|--|----------|
| <b>1 VERKSEMDA SI ART</b>                                    | <b>2</b> |
| <b>2) RETTVISANDE OVERSIKT OVER UTVIKLING OG RESULTAT</b>    | <b>2</b> |
| <b>3) VIDARE DRIFT</b>                                       | <b>2</b> |
| <b>4) ARBEIDSMILJØET</b>                                     | <b>2</b> |
| <b>5) LIKESTILLING</b>                                       | <b>2</b> |
| <b>6) YTRE MILJØ</b>   | <b>2</b> |
| <b>7) AKTIVITETEN I SELSKAPET</b>                            | <b>3</b> |
| LEIKANGER KOMMUNE  | 3        |
| SOGNDAL KOMMUNE  | 3        |
| SOGNEFJORDEN NÆRINGSHAGE                                     | 4        |
| SOGNDAL SKISENTER  | 4        |
| PROSJEKT   | 4        |
| BYREGIONPROGRAMMET   | 4        |
| FRILUFTSBUSSEN   | 5        |
| OUTDOOR HEALTH NETWORK / BRATT MORO                          | 5        |
| HANGAR PÅ SOGNDAL LUFTHAMN, OG UTVIKLING AV FLYTILBOD I SOGN | 5        |
| FOSSHAUGANE CAMPUS - CAMPUS SOGNDAL                          | 5        |
| NÆRINGSARBEID I NYE SOGNDAL KOMMUNE                          | 5        |
| SOGNDAL NÆRINGSFORENING                                      | 5        |
| NETTVERK   | 5        |
| KOMPETANSE   | 6        |
| RETTLEIING AV ETABLERARAR                                    | 6        |
| GRÜNDERKONTORET – GRÜNDERSENTERET FUS                        | 6        |
| REKRUTTERINGSAKTIVITETAR                                     | 7        |
| AVSLUTNING   | 7        |

## **1 Verksemda si art**

Sogn Næring AS driv næringsutvikling med Sogndal og Leikanger (frå 01.01.2017) som primærområde. Selskapet skal også ta omsyn til heile regionen sine behov for utvikling av eit sterkt og funksjonelt regionsenter. Selskapet er lokalisert i Sogndal.

## **2) Rettvisande oversikt over utvikling og resultat**

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettvisande oversikt over utvikling og resultat i selskapet.

## **3) Vidare drift**

Slutten av 2016 og byrjinga av 2017 vart nytta til å gå gjennom avtalestrukturar og selskapet sine arbeidsoppgåver. Styret saman med tilsette hadde og auka fokus på sal av tenester i denne perioden, og gjennom noko oppbemanning, lukkast selskapet i å snu eit minusresultat i 2016 til ein fin pluss i 2017.

Selskapet hadde i 2017 faste oppdragsavtaler med Leikanger og Sogndal kommune, Sognefjorden Næringshage og Sogndal Skisenter Drift, og gode prosjektinntekter mellom anna frå Byregionprogrammet, rapport om næringsarbeid i nye Sogndal kommune og Visit Sognefjord. Næringslivet ynskjer i aukande grad å nytte tenestene til selskapet. I samband med etableringa av Gründersenteret FUS er det og ein intensjon at Sogn Næring skal vere leverandør av tenester.

Det er god grunn til å sjå positivt på selskapet si utvikling framover.

## **4) Arbeidsmiljøet**

Styret og dagleg leiar vurderer arbeidsmiljøet som godt. I perioden 1.januar 2017 - 31.12.2017 er det ikkje meldt om ulukker eller skader. Der er meldt 6 dagar sjukefråvær i perioden.

## **5) Likestilling**

Det er to menn og ei kvinne tilsett i Sogn Næring. Styret består av to kvinner og fire menn.

## **6) Ytre miljø**

Verksemda medfører ikkje utslepp eller forureining som kan vere til skade for det ytre miljø (jf. § 8 i Forureiningslova)

## 7) Aktiviteten i selskapet

### Leikanger kommune

Leikanger kommune har ein avtale med Sogn Næring om kjøp av tenester for å operere kommunal førstelinjeteneste, forvaltning av felles kommunalt næringsfond og næringsarbeid generelt med ramme på 350 timar. Det er rådmann som tingar tenestene.

Sogn Næring sitt arbeid er forankra i Kommuneplanen til Leikanger kommune sin samfunnsdel 2015 –2026:

- Innovative aktørar i privat og offentleg sektor skal oppleve at det er lett å etablere og utvikle verksemder i Leikanger. Kommunen skal vera ein aktiv samarbeidspartnar i arbeidet med å utvikle eit variert, konkurransedyktig og berekraftig næringsliv.
- Me skal vera aktive i arbeidet med å styrke eksisterande næringar, leggja til rette for nye verksemder og vere eit godt vertskap

#### **Prioriterte satsingar:**

- Samarbeida systematisk med dei andre offentlege etatane og næringslivet i kommunen for å: rekruttere arbeidskraft og sikre tilflytting, samarbeida om kompetanseheving hjå tilsette, kartlegge behov og potensiale hjå kvar enkelt verksemd følgja opp forvaltningsutvikling, arealbehov, eigarskap og vertskap
- Arbeida tett med bedrifter og næringsaktørar i kommunen for å nå felles mål og skape nettverk i lag med dei små verksemdene

#### **Timeressursen er i 2017 nytta til:**

- 1. linjeteneste for næringsutvikling (gründer og bedriftskontakt, sjå under)
- kommunalt næringsfond (eigen rapport vedlagt)
- dialogmøter med kommunen og kommunale etatar.
- bedriftsbesøk (11 stk i 2017)
- oppfølging og utvikling av strategi for offentlege arbeidspassar

I og med at 2017 er første avtaleår med Leikanger kommune, er det nytta timar til å etablere eit godt grunnlag for samarbeid. I tillegg er mindre ressursar nytta til løpande aktivitetar, representasjonsoppdrag, prosjektinitiativ, informasjonstiltak og oppfølging av nettverket.

### Sogndal kommune

Avtalen mellom Sogndal kommune og Sogn Næring om kjøp av tenester, har ei ramme på om lag 880 timar, og det er rådmann som tingar tenestene.

Sogn Næring sitt arbeid er forankra i Kommuneplan sin samfunnsdel 2010-2022:

#### **Næringslivet er og skal vere eit høgt prioritert satsingsområde:**

- Etableringsrettlegg
- Etablere og vedlikehalde nettverk mellom næringsverksemder og offentlege instansar

- Kompetanse om og kontakt med det regionale statlege næringsapparatet
- Vertskap for inkubator
- I samråd med kommune ta del større utviklingsprosjekt
- Marknadsføre kommune og regionen som lokaliseringsstad for verksemdar/arbeidsplassar handsame søknader til det kommunale næringsfondet
- Nyetablering
- Samarbeidspartnar for etablerte verksemdar.

### **Timeressursen i 2017:**

Det er 1.-lineteneste, grunder- og bedriftsrettlegg (oversyn under) samt forvaltning av felles kommunalt næringsfond (rapport vedlagt) som er hovudfokus. I tillegg vert det nytta timeressursar mot:

- Eigargruppa Fosshaugane Campus (sekretariat)
- Bedriftsbesøk
- Eigeninnsats i prosjektinitiativ
- Tilflyttings-/rekrutteringsprosjekt
- Vidareføring av aktivitetar frå Byregionprogrammet
- Oppfølging og utvikling av strategi for offentlege arbeidspassar
- Hangar på Sogndal Lufthamn, og utvikling av flytilbod i Sogn

### **Sognefjorden Næringshage**

Sogn Næring leverte i 2017 600 timar til Sognefjorden Næringshage til drift av næringshageprogrammet. Omlag 50 timar vart levert med eksterne tenester, resten levert av tilsette i selskapet. Arbeidsoppgåver har vore:

- Drift av næringshageprogrammet
- Rekruttering målbedrifter og målbedriftssamtalar
- Informasjonsarbeid
- Prosjekt i målbedriftene, både fellesprosjekt og prosjekt i einskildbedrifter
- Nettverksaktivitetar, samlingar, studieturar m.m.

### **Sogndal Skisenter**

Per Odd Grevsnes var utleigd til Sogndal Skisenter i 50 % stilling fram til august 2017. Frå august 2017 har han hatt permisjon frå Sogn Næring.

### **Prosjekt**

#### **Byregionprogrammet**

I byregionprogrammet arbeider vi for å medverka til auka folketal i dei tre kommunane Sogndal, Luster og Leikanger. Vi ønskjer å utvikle eit arbeidsliv som gjev attraktive arbeidsplassar. Dette føreset at det offentlege og det private arbeider godt saman. Vi skal vere konkurransedyktige. Vi skal vere ein attraktiv lokaliseringsstad for verksemdar. Folk skal ynskje å leve livet sitt her. Programmet hadde tre hovudmål:

- Kommunane skal utnytte tilflyttingspotensialet og næringspotensialet knytt til nye former for friluftsliv og aktivitetsbasert reiseliv.
- Kommunane skal bidra til å sikre eksisterande, og leggje til rette for nye, statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i kommunane.

- Kommunane skal kople og utnytte kompetansemiljøa i kommunen til innovasjon og nyskaping.

For kvart av dei tre hovudmåla er det gjennomført ulike aktivitetar og prosjekt for å nå måla. Byregionprogrammet vert først offisielt avslutta hausten 2018. Sogndal, Leikanger og Luster kommune avslutta sitt utviklingsprosjekt knytt til Byregionprogrammet sommaren 2017.

#### Friluftsbussen

Prosjekt gjennomført på vegne av Bratt moro og Visit Sognefjord.

#### Outdoor Health Network / Bratt moro

Bedriftsnettverksprosjekt. Forprosjekt t.o.m. oktober. Hovudprosjekt frå november

#### Hangar på Sogndal Lufthamn, og utvikling av flytilbod i Sogn

Målsetjing å realisere ein hangar for nattstasjonering av fly på Sogndal Lufthamn, og å drive opplysningsarbeid i samband med utlysing av nye FOT-ruter.

#### Strategi for offentlege arbeidsplassar i nye Sogndal kommune

I 2017 vart det gjort ei løyving frå kvar av kommunane Luster, Leikanger, Balestrand og Sogndal på kr. 50 000 for å gjennomføre ei kartlegging og bygge ein strategi for dei offentlege arbeidsplassane i nye Sogndal kommune. Arbeidet er ei forlenging av aktiviteten kring offentlege arbeidsplassar i byregionprogrammet. Oddvar Flæte fekk oppdraget, og rapporten frå arbeidet er forventa å liggja føre i februar 2018.

#### Fosshaugane Campus - Campus Sogndal

Gjennom sekretariatsfunksjonen for eigargruppa på Campus Sogndal vert det ein del mindre tilleggsprosjekt.

#### Næringsarbeid i nye Sogndal kommune

Sogn Næring AS fekk i oppdrag frå fellesnemnda i nye Sogndal kommune å utarbeide og legge fram ein rapport på korleis næringsarbeidet i nye Sogndal kommune bør vere fram til 2020 og etter 2020. Oppdraget hadde eit omfang på 300 timar. Rapporten er tilgjengeleg på nettsidene til nye Sogndal kommune.

#### Sogndal næringsforening

Sogndal næringsforening vart etablert i 2017 med administrativ støtte frå Sogn Næring. Organisasjonen har ambisjon om å bli næringslivet i Sogn sin næringspolitiske organisasjon og overta det private eigarskapet i Sogn Næring.

#### Nettverk

Både gjennom eigeninitierte samlingar, samlingar i Sognefjorden Næringshage sin regi og samarbeidspartnarar sine arrangement har selskapet bidrege til nettverksbygging i regionen. Det har òg vore bedriftsbesøk og store og mindre arrangement som kurs, seminar, møter og studieturar som knyter næringslivet saman.

## Kompetanse

Selskapet har god kontakt med dei andre hjelperane innafor næringsapparatet og deltek jamnleg på kurs og kompetansetiltak gjennom Innovasjon Norge, Fylkeskommune, Næringshage, Kunnskapspark, egne initiativ og mykje meir. Selskapet har eit vidt arbeidsfelt og vil aldri sjølv ha all naudsynt kompetanse. Styret vel difor i tillegg til å ha ein høgt kompetent intern stab, å leige inn spisskompetanse ved behov.

## Rettleiing av etablerarar

Sogn Næring gjev i hovudsak inntil fem timar gratis rettleiing til kvar einskild gründer. I nokre høve vert denne grensa utvida når vi har ekstra tru på gründeren og ser at kompetansen vår kan vere avgjerande for at denne personen kjem vidare med prosjektet sitt.

Verktøyet vi spesifikt nyttar i møte med ulike gründerar er Business Model Canvas. Vår kompetanse i møte med gründerar er å stille dei rette spørsmåla for å utfordre gründeren til å kartlegge og snakke med potensielle kundar, konkurrentar og samarbeidspartnarar i første fase. Når dette er gjort møtest vi igjen for å diskutere framdrift og gjer øvingar på økonomi kring framtidig inntening. Saman med gründer vert vi samde om vegen vidare.

Etablererrettleiinga tek ein god del ressursar frå basisfinansieringa i selskapet. Det er eit mål at selskapet skal ha god kompetanse på dette fagfeltet. Det er eit mål at potensielle gründerar skal føle seg serleg velkomne til regionen vår.

Vi har vore i møter med 37 ulike gründerar eller personar i tidleg oppstartfase som ynskte bedriftsrådgeving i 2017.

Sogn Næring har også arrangert kurs for gründerane i år 2017. Dette er "frå idè til marknad" i regi av Innovasjon Noreg og har god oppslutnad. Vi marknadsfører elles aktivt kursa til Driftig i møte med gründerar, som i hovudsak er etablerarkurset over tre samlingar med 30 timar oppfølging, økonomi og rekneskapskurs, marknadsføring m.m.

## Gründerkontoret – Gründersenteret FUS

Ein del av gründerane Sogn Næring er i kontakt med vil gjerne ha kontorplass på gründerkontoret. Gründerkontoret til Sogn Næring og inkubatorkontoret til Kunnskapsparken Sogn og Fjordane vart slått saman sommaren 2017 i påvente av at nye gründerlokalet FUS skulle stå ferdig. Gründerane flytta inn til FUS i november, og kontrakter vart skrivne frå 1. desember 2017.

## Desse har vore innom gründerlokala i 2017

- Rikke Westvig, Westkom
- Marte Fosslund, Ember Logistivs
- Vegard Aasen, Capture Film
- Eric, Veri Media
- Stian Langeland, Wyssen
- Jo Marius Bøyum, Ivrig Event
- Torbjørn Selseng, Bjøddn
- Kristian Tiller Torsvik, Teiknar

- Kjetil Russenes, Sognefjorden Kaffibrenneri
- Håvard Øyrehagen, Fardal Gard
- Bård Basberg, Bård Basberg Foto
- Erling Grøstad, SGNskis
- Anders Nordeng, Thomson Reuters
- Sigrid Henjum, Sogndal Lodge

### Kommunalt næringsfond i Leikanger og Sogndal kommune 2017

Kommunestyra i Leikanger (17.02.2017) og Sogndal (16.02.2017) vedtok retningslinjer for det nye felles kommunale næringsfondet. Dei to kommunestyra delegerte mynde og forvaltning av det kommunale næringsfondet til Sogn Næring AS.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune løyvde kr. 400.000 i stimuleringsmidlar til fondet i samband med at dei to kommunale næringsfonda vart slegne saman.

Det kommunale næringsfondet var per 01.01.2017 stort kr. 2.035.932 fordelt slik:

|   |                    |
|---|--------------------|
| Tilskot frå SFFK til Leikanger kommune (inkl stimuleringstilskot) | 561.695,-          |
| Tilskot frå SFFK til Sogndal kommune (inkl stimuleringstilskot)   | 784.856,-          |
| Restmidlar frå Sogndal kommune                                    | 689.381,-          |
| <b>SUM</b>  | <b>2.035.932,-</b> |

Leikanger kommune har per 31.12.2017 ikkje overført sine restmidlar.

Fondet tildelte i 2017 kr. 1.507.125,-. Restbeløpet på kr. 528.807,- vert overført til 2018.

Administrasjonen førebur alle søknadar som blir lagde fram for styret til vedtak. Styret har av praktiske grunnar og for å få effektiv sakshandsaming delegert mynde til å gjere vedtak i saker opp til kr. 50.000,- til dagleg leiar, og i saker opp til 100.000,- kr til styreleiar. Delegerte vedtak blir i etterkant lagde fram for styret.

### Rekrutteringsaktivitetar

Sogn Næring har vore medspelar til Framtidsfylket på karrieremessene. Sogn Næring inviterte gründerar som deltakarar på messene for å marknadsføre gründermiljøet i Sogn for å få fleire potensielle gründerar til å flytte hit.

Sogn Næring arrangerte gründer- og rekrutteringsdag under Fjellsporfestivalen i 2017. Dette var ei to-dagarssamling med bedriftspresentasjonar frå ulike verksemder innan privat og offentleg næringsliv, og gründerpitching med kåring av beste gründeridè. Det var også motivasjonsforedrag, felles skitur og felles middag. Arrangementet vart godt teke i mot av næringslivet. Sogn Næring arrangerer også rekrutteringsaktivitetar under Fjellsporfestivalen 2018 etter førespurnad frå næringslivet.

### Avslutning

Etter styret si vurdering har selskapet i 2017 nådd fastsette mål og levert gode tenester. Styret ser fram til å ta selskapet inn i ein ny fase med store endringsprosessar i kommune-, region- og næringsstrukturar.

Sogndal 01.03.2018



Agnár Hølen  
Styreleiar



Jørgen Christian Lindstrøm  
Styremedlem



Karin Vikane  
Styremedlem



Stig Ove Ølmheim  
Styremedlem



Yngve Hallén  
Styremedlem



Cecilie Njøs Høgheim  
Styremedlem



Torgeir Skålid  
Dagleg leiar